

- Rekordlang sesong betre for miljøet

2019 vart ein rekordlang sesong for Stranda hamnevesen der trafikkauken har kome utanom dei mest hektiske vekene. Hamnesjef i Stranda, Rita Berstad Maraak gler seg over sesongane no har blitt jamnare – Når vi utvidar sesongen frå april til oktober, reduserer vi belastninga på miljø og lokalsamfunn, samstundes som vi opprettheld verdiskapinga, seier Maraak.

I 2019 kom det ca. 70 cruiseskip med 217 anløp fordelt på Geiranger og Hellesylt. I følgje statistikk frå Stranda hamnevesen går heile 70 %, av ein total på 410 000 passasjerar, på land. – Vi er eit unikt reiselivsmål som gjer at reisande ikkje berre vil sjå, men også gå i land og oppleve fjordane og lokalsamfunna våre, seier Maraak.

Diskusjonen om miljøavtrykket frå cruiseturismen har vore sterk i 2019-sesongen. Maraak meiner at reiarlaga kan gjere meir for å få ned miljøbelastning medan myndigheitene må legge til rette for nødvendige energiberarar og eit godt virkemiddelapparat.

- Å gjere sesongen lengre og redusere toppane er det viktigaste vi kan gjere for å sikre god luftkvalitet og hindre trengsel. Samstundes trengs det framleis teknologiutvikling og vilje til å satse på ny miljøteknologi for skipsfarten, seier Maraak.

Ho gler seg over at det allereie i 2020 blir nye store steg i retning auka berekraft i cruiseferien. Neste år kjem det første LNG-drivne skipet til å kome i trafikk i Norge og i Geiranger/Hellesylt. Skipet brukar flytande naturgass som drivstoff. LNG reduserer utsleppa av NOx, svovel og partiklar med 90 – 100 % og kuttar også utsleppa av klimagassen CO2 med 25-30 %.

- At MS «Iona» har valgt Geirangerfjorden i konkurranse med ei rekkje andre hamner er svært gledeleg. Det viser at det nyttar å satse på klima- og miljø, og at arbeidet vi har opp mot reiarlag og myndigheter nyttar, seier Maraak.

Samtidig syner 2019-sesongen at diskusjonen om miljøpåverkinga i Geirangerfjorden må ha eit breiare perspektiv enn berre skipsfart. Den landbaserte trafikken har auka kraftig, og bygda Geiranger har på mange måtar blitt ein gjennomfartsåre.

- Vi må forstå heilskapen i korleis transporten påverkar Geirangerfjorden. Det er årsaka til at vi har inngått eit samarbeid med NTNU i Ålesund og Universitetet i Bonn for å bruke kunstig intelligens og stordata til å analysere luftkvaliteten i Geiranger, seier Maraak,

2019-sesongen bidrog til store inntekter til næringslivet i regionen. – I følgje undersøkingane gjort av SUSTRANS (2018) brukar kvar reisande i Geirangerområdet mellom 650 og 1000 kroner kvar einaste dag. Dette er store summer og berre frå cruise betyr dette fleire titals millionar i inntekter, seier Maraak

Ho er godt nøgd med at tala også tyder på at dei tilreisande var nøgde med det dei opplevde i Geiranger og Hellesylt. Heile 90 % seier seg heilt eller delvis samde i at naturopplevingane er som forventa, og at dei vil tilrå destinasjonen til andre.

For ytterligare informasjon ta kontakt med Rita Berstad Maraak, telf. 46 41 11 13.